



REFERAT – KOMMUNEREFORM

Møte på Volda rådhus

07.06.2018 kl. 08:30

Til stades:

Rune Sjurgard, Rådmann/prosjektleder
Ann Kristin Langeland, Rådmann
Hovudtillitsvalgt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang
Hovudtillitsvalgt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter
Joakim Rødven (referent)

Agenda:

| Aktivitet | Ansvarleg oppfølging |
|--|----------------------|
| 1. Referatet frå førre møtet v/ Joakim | |
| Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven gjekk gjennom referatet frå sist møte. | |

| Aktivitet | Ansvarleg oppfølging |
|--|----------------------|
| 2. Status i prosjektet og oversikt over prosjekt | |
| <p>Prosjektstyringsverktøy Prosessleder for digitalisering, Paul Ottar Tornes, har starta med prosess for å ta i bruk prosjektstyringsverktøy for å lettare å halde oversikt over prosessar og delprosjekt i samanslåinga.</p> <p>Det vert å putte inn aktivitetar i dette verktøyet for å kunne danne seg ei god oversikt på milepålar og framdrift i prosjektet.</p> <p>Milepålar Nylege milepålar i samanslåingsprosjektet er mellom anna:</p> <ul style="list-style-type: none">• Forslag til politisk organisering er sendt ut på høyring.• Kommunevåpen er på plass, og det er starta prosess på utforming av ny ordførarkjede.• Det er starta prosess for å lage ny grafisk profil for den nye kommunen.• Kulturbyggingskomiteen er i gang med sitt arbeid | POT |

| | |
|---|-------------------------------------|
| <p>Administrasjon Ny administrativ hovudstruktur er vedteken og leiarar er innplasserte. Sektor for samfunnsutvikling kjem litt seinare i gang grunna ekstern utlysingsrunde, men denne personen vil samtidig kunne hente seg inn at ved at det kan jobbast heilt og fullt med samanslåinga.</p> <p>Møte med teknisk og plan/utvikling Torsdag 7. juni hadde Rune Sjurgard og Paul Ottar Tornes møte med tilsette innanfor teknisk, plan og utvikling i Hornindal og Volda. Der var det mellom anna fokus på kva ein kan jobbe med innanfor den nye samfunnutviklingssektoren fram til ny kommunalsjef er rekruttert inn i organisasjonen frå og med januar 2019.</p> <p>Prinsipp for samanslåinga Styringsgruppa ønskte å presisere at i samanslåingsprosessen vert det jobba med å rigge organisasjonen og leggje til rette for at kommunen er så godt rusta som mogeleg til å ta over drifta frå 01.01.2020.</p> <p>Dette går mellom anna på å harmonisere tenester, avgifter og liknande i den nye kommunen.</p> <p>Digitaliseringsstrategi I det komande Fellesnemnd-møtet den 21. juni vil det bli lagt fram ein digitaliseringsstrategi for nye Volda kommune. Det er prosessleiar for digitalisering, Paul Ottar Tornes, som har utarbeidd denne.</p> <p>Oppseiing av avtalar Prosjektleiar Rune Sjurgard orienterte om at det er enkelte avtalar det hastar med å sende oppseiing på, jamfør gjeldande fristar og prosessar for oppseiing. Dette gjeld særleg avtalar innanfor kommunal tenesteproduksjon, som til dømes renovasjon og IKT.</p> <p>Ann Kristin Langeland vart beden om å sende oppseiing av avtale med NOMIL frå 2020 innan kort tid, jamfør vedtak i Fellesnemnda 22. februar 2018.</p> <p>Nordfjord-fiber Styringsgruppa ser på det som naturleg at «nye» Volda overtek Hornindal sitt eigarskap av fiber frå Nordfjord. Det er ønskjeleg at fibertilknytning mellom Volda og Grodås skal koplast på Statens Vegvesen sitt fibernettverk gjennom Kviven.</p> | <p>RS/POT</p> <p>POT</p> <p>AKL</p> |
|---|-------------------------------------|

| Aktivitet 3. Grafisk profil | Ansvarleg oppfølging |
|--|-----------------------------|
| <p>Det er starta prosess for å lage grafisk profil for den nye kommunen. Økonomisk ramme for prosjektet vert å sende over til økonomisjef Kari Mette Sundgot, som legg dette inn i budsjettkorrigeringa.</p> | <p>KMS</p> |

| | |
|---|----|
| I samband med denne prosessen vil kommunikasjonsrådgjeveren også skissere ein prosess for slagord overfor Fellesnemnda. | JR |
|---|----|

| Aktivitet | Ansvarleg oppfølging |
|--|-----------------------------|
| 4. Saker til fellesnemnda 21. juni | |
| <ul style="list-style-type: none"> - Valstyret for nye Volda - Budsjettkorrigering - Digitaliseringsstrategi - Medlemsskap LNK (orientering) - Digital kompetanse (Orientering) | IJJ KMS POT |

| Aktivitet | Ansvarleg oppfølging |
|---|-----------------------------|
| 5. Vidare oppfølging av avtalar | |
| <p>Prosjektleiar Rune Sjurgard har sendt ut melding om å få tilbakemelding på avtalar i både Hornindal og Volda som skal forlengast og kva avtalar som kan/skal/bør avsluttast frå 2020.</p> <p>Her må ein ha ein grundig prosess og ta ein gjennomgang etter sommarferien for å skaffe seg ei totaloversikt.</p> | RS |

| Aktivitet | Ansvarleg oppfølging |
|---|-----------------------------|
| 6. Eventuelt | |
| <p>Digital kompetanse Nye Volda er med i prosjektet «digital kompetanse i kommunane». Neste samling for deltakarane er ein workshop i oktober og vil finne stad på Gloppen hotell, Sandane.</p> <p>Styringsgruppa føreslår at følgjande personar melder seg på neste workshop:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Stig Olav Lødemel (Fellesnemnda) - Ann Kristin Langeland (ass.rådmann, Nye Volda) - To tillitsvalde (éin repr. frå kvar kommune) - Paul Ottar Tornes (prosessleiar digitalisering) - Joakim Rødven (kommunikasjonsrådgjevar) <p>Det kan meldast på inntil sju personar, så ein sjuande person kan vere aktuelt å melde på.</p> <p>Kanalstrategi I samband med innbyggjardialog og satsing på digitalisering i nye Volda, er det naturleg å utforme ein kanalstrategi som er eit nyttig</p> | |

| | |
|--|----------------------------------|
| <p>hjelpemiddel både for tilsette og innbyggjarar/brukarar av dei kommunale tenestene.</p> <p>Dette vert å drøfte i leiargruppa for nye Volda, i samråd med prosessleiar for digitalisering (digitalt perspektiv) og kommunikasjonsrådgjevaren (kommunikasjonsperspektiv).</p> | <p>Leiargruppa for nye Volda</p> |
|--|----------------------------------|

Møtet slutt kl. 09:55

Volda, 07.06.2018



Joakim Rødven

Kommunikasjonsrådgjevar

Samfunn og Rådgjeving

Mobil 48229993

www.nyevolda.no